

Det kongelege kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

**Reglar for arbeidsdelinga mellom departementet og Språkrådet i
normeringsspørsmål; høyringssvar frå Universitetet i Agder**

Arbeidsoppgåvene til Språkrådet er nedfelte i vedtekten som departementet har utforma. Vi er samd med departementet i at reglane for arbeidsdelinga når det gjeld språknormering bør innarbeidast i dei eksisterande vedtekten for det nye Språkrådet.

Universitetet i Agder har sett på forslaga til endringar og tillegg i vedtekten, og i hovudsak støttar vi alle forslaga. Vi vil likevel gjerne knyta nokre merknader til forslaga og til høyringsbrevet:

1. I det tidlegare Norsk språkråd var det etablert ei arbeidsdeling mellom rådet og departementet. Denne arbeidsdelinga gjekk ut på at detaljar i rettskrivinga hadde rådet fullmakt til å avgjera, medan meir omfattande endringar og rettskrivningsreformer skulle til godkjenning i departementet. Vi meiner det er ei klok løysing at denne praksisen blir ført vidare i forslaget til nye vedtekter, og det er positivt at fullmaktene no heller blir litt vidare enn før.
2. Ein kunne kanskje presisera i vedtekten at styret alltid skal kunna ha høve til å senda ei rettskrivingssak – stor eller lita – vidare til

departementet. Vi tenkjer her særleg på dei tilfella der grunnleggjande usemje gjer seg gjeldande både i fagråd og i styre. I ein slik situasjon vil lengre saksgang berre vera ein føremon. Dessutan kan jo òg usemja vera ein peikepinn om at ein ikkje bør vedta noka endring, og dette kan i så fall departementet uttala seg om.

3. Det er svært viktig, som det no står, at Språkrådet gir råd og rettleiing til språkbrukarane om bruken av rettskrivinga. Men vi vil streka under at dette ikkje må tolkast slik at Språkrådet kan vedta ein snevrare, tilrådd bruksnormal som så blir presentert for publikum, som ei slags Språkrådets normtilråding. Dette strir grunnleggjande mot prinsippet om likestilte former som no er knesett. Derimot synest det vera ei god løysing, det som departementet skriv, at Språkrådet »i høveleg form kan utarbeida rådgjevande informasjons- og rettleiingsmateriell som eit tilbod til språkbrukarar som ønskjer hjelp til å velja mellom valfrie former.»
4. I den same paragraf 3 er vi svært usikre på kor klokt det er å invitera til ei utgreiing om kva i skrivereglane som skal vera 'obligatorisk for korrekt språk'. Formuleringa er i det heile noko merkeleg. Skal ikkje skrivereglane gjelda uavkorta, som ein del av rettskrivinga? Det som er norm, og det som er korrekt språk, må jo vera eitt og det same. Det styrkjer ikkje prestisjen til ei statleg norm å operera med skrivereglar som ikkje er obligatoriske. Vi rår til at ein tenkjer om igjen her.
5. Vi er samd i at fagrådet for normering får ei vedtektsfesta særstilling, jf. paragraf 5. Vi ønskjer i den samanhengen å streka under at det så langt som sakleg mogeleg bør vera plenumsbehandling av normeringssaker – også når ein drøftar detaljar som berre gjeld den eine norske målforma. Når det gjeld saksgangen frå fagråd til styre, er det vel unødvendig å peika på at direktøren i si saksframstilling ikkje skal vera bunden av vedtaket i fagrådet. Vedtak i fagrådet for normering stiller slik sett på linje med andre saker som direktøren legg fram for styret.
6. Rettsskrivinga i norsk kjem til uttrykk i dei to ordbøkene Bokmålsordboka og Nynorskordboka. Det er stadig viktig at Språkrådet står tydeleg fram som godkjennar og garantist for desse utgjevingane, sjølv om papirutgåvene blir produserte og selde av kommersielle forlag.

7. I paragraf 1 ville det ikkje vera urimeleg om ein i andre avsnitt la inn noko meir om Språkrådets oppgåver. Til dømes at Språkrådet skal arbeida for å vera synleg i samfunnet på ein slik måte at ein vekkjer interesse for og aukar respekten for norsk språk og språkspørsmål i det heile. Å styrkja Språkrådets omdømme er det same som å styrkja norskens omdømme.

Universitetet i Agder, Fakultet for humaniora og pedagogikk

Ernst Håkon Jahr

(sign.)

dekanus



Terje Tellefsen

direktør

